
Vår referanse 2021/46385-4
Dato 25.11.2021

YVONNE SILDEN STEPHENSEN
SKUTEVIKSODENE 22
5035 BERGEN

Dispensasjon frå byggegrense - fv. 5456 - gnr 215 bnr 34 - Eidsnes Ytre - Alver kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense, datert 26.10.2021.

Saka gjeld

Det er søkt om ny dispensasjon frå byggegrensa etter at godkjent tiltak er oppført med ein litt anna plassering enn ei tidlegare godkjenning for tiltaket.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5456 Eidsnesvegen for å oppføre garasje på gnr. 215 bnr. 34 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan som ligg ved.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5456 Eidsnesvegen skal vera minst 9,8 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5456.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 300. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «lite streng» jf. Rammeplan 2021-2024. Den seier at tiltak ikkje bør etablerast nærare enn 15 meter.

No er det søkt om dispensasjon frå byggegrense til veg på ny då tiltaket allereie er oppført med ein litt anna plassering enn eit løyve som vart gjeve av Statens vegvesen i 2013. Det løyvet godkjente ei byggegrense på 10 meter frå vegmidte og tiltakets plassering fråviker svært lite frå dette.

Vi vurderer at garasjen ikkje vil vera til hinder for sikt i avkøyrsla eller på vegen. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi løyve til tiltaket det er søkt om.

Retten til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 situasjonsplan_Situasjonskart_-
_nåværende_plassering_av_garasje_med_avstand_mot_vei.pdf

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4